


Hallo i nedslagsfeltet!

No går vinterferien mot slutten, noko som ikkje kjennest so bra. Det freistar veldig lite å stå opp klokka sju i morgon, det er heilt sikkert. I tillegg er det ganske deprimerande når neste heile resten av landet startar vinterferien sin no. Men eg har i alle fall hatt ei kjempefin veke!

På søndag reiste vi opp til Sirdal, kor vi budde hjå nokre vener som hadde leigd ei stor og fin leilegheit. Vêret var fint dei to fyrste dagane, og siste dagen var det heilt supert; blå himmel og vindstille. Det var kaldt, ned mot -20. Kanskje litt i kaldaste laget for meg i alle fall. Vi fekk oss i alle fall nokre fiiine skiturar!

Elles har vi hatt ein tur til Brekko, ein plass som ligg berre 45 minutt herifrå, noko som er ganske lite for å få snø med tanke på at det tar i overkant av 2 timar til Sirdal. Dette er så vidt eg veit den plassen nærast Stavanger kor ein kan vere nokså sikre på snø. Vêret skuffa litt, og føret var dårleg, men det var kjekt å gå på ski uansett.



Veka før vinterferien hadde skulen vår arbeidsveke, noko som var kjempekjekt! Eg og to andre jobba på ein kafé/butikk som heiter Sjokoladepiken. Som namnet seier sel dei sjokolade (+ kaffi), og alt er faktisk heimelaga. Vi gjekk innom både vasking av vindauge, pakking og behandling av sjokolade og produksjon av sjokolade. Innpakning av sjokoladen, og det estetiske var veldig detaljert og nøye. Men eg likte arbeidet vi gjorde, sjølv om eg ikkje kunne tenkt meg å jobbe med det seinare.

Vi fekk sjølvsagt smake ein del også, vi åt nok for ganske mange hundrelappar!



I dei fine antrekka våre, hehe...



Ca. sånn som dette var det vi heldt på med. Bilete frå sjokoladepiken.no.

I morgon er det tilbake til skule, trening og kvardag. Eg kjenner faktisk at det blir litt fint, sjølv om eg gjerne kunne hatt ei veke til med ferie.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 blir i skrivande stund vurdert til:  
7,0